

Reguleringsplan for Villmarkseventyret, Orrkjerrkastet

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

1. Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å legge til rette for bubilparkering og camping

2. Fellesføresegner for heile planområdet

- 2.1. I samband med søknad om tillating til tiltak skal det leggest ved situasjonsplan som syner tiltakets plassering, evt. adkomst og parkering.
- 2.2. Ved utbygging og utforming av anlegg skal det sikrast god tilgang for alle, jf. Rundskriv T-5/99 frå MD. Bygningar og anlegg skal utformast slik at dei kan brukast av så stor del av befolkninga som mogleg.
- 2.3. Busetting og anlegg skal gjevast ein utforming og ein fargebruk som harmonerer med omgjevnadene.
- 2.4. Terrenginngrep bør haldast på eit minimum og gjerast så skånsamt som mogleg, for å ta vare på naturpreget. Ved tiltak innafor planområdet skal terrenget straks etter avslutta arbeid settast i stand og såast til med stadeigne planter.
- 2.5. Tiltak i området må ikkje vere til hinder for skogsdrift og tømmertransport.
- 2.6. Om det viser seg først mens arbeidet er i gang at det kan verke innpå eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røre ved kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogleg – og sinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan forlangast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminneloven § 8 andre ledd).
- 2.7. Det skal være minimum 4 meter avstand mellom campingenheter.

3. Føresegner for arealformål

3.1. Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

Fritids- og turist formål (felt FTU_1-FTU_3)

- 3.1.1. Innafor området tillatast tilrettelegging og drift av Villmarkseventyret med bubilparkering og camping
- 3.1.2. Terrenginngrep haldast til byggegrop og parkering så lang det lar seg gjere.
- 3.1.3. Det kan etablerast felles sanitæranlegg for gjestene på området
- 3.1.4. Det tillatast oppført naturleg tilhøyrande servicebygg og andre typar installasjonar som høyrer naturleg til drifta.
- 3.1.5. Det tillatast oppsett småhytter til utleige. Maksimal størrelse for utleige hyttene skal være 35 m² BRA.

- 3.1.6. Det tillatast innlagt vatn og avløp dersom ein får på plass godkjente løysingar. Det tillates ikkje innlagt vann- og avløp før i småhyttene/utleieeinhetene før godkjent vann- og avløpsplan foreligger.
- 3.1.7. Det kan leggast til rette for parkering der det er naturleg.

3.2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 3.2.1. Kryss mot Fv3310 må være i tråd med gjeldande vegnormal

Veg (felt V)

- 3.2.2. Vegen gjennom området skal halde standarden til skogsbilveg klasse 3

Annen veggrunn (felt AVG)

- 3.2.3. Arealet inneheld vegkant og grøfteareal. Områda må vedlikehaldas slik at ein unngår at overflate vatn kjem på avveie.

3.3. Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

Turdrag(Felt TD.)

- 3.3.1. I området kan det etablerast natursti, denne kan gjerast universelt utforma om terrenget tillater det.

3.4. Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindriftsmål (§ 12-5 nr. 5)

Friluftsmål (felt FL)

- 3.4.1. I område for friluftsmål skal eksisterande vegetasjon skjøttast med tanke på friluftsliv og kantsone mot vassdrag. Flatehogst er ikkje tillate.
- 3.4.2. Tiltak som fremmer friluftslivet er tillat slik som badeplass, sitteplassar og liknande.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

5.1. Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H320)

Flaumsone

- I området kan det ikkje etablerast faste installasjonar, slik som utleigehytter.
- Etablering av plasser for korttidsopphald slik som bubil, campingvogn, telt er tillatt.
- Rutinar for evakuering ved flaum må etablerast og vere tilgjengeleg for tilsette og gjestar.